

# Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

Protokoll nr. 01/2020  
(HMR ref.: 2020/2424)

Møtedato 20.05.2020

## Medlemar:

## Varamedlemar:

Tilstade: x

x	Odd Helge Gangstad, KS, Nye Molde kommune		Geir Stenseth, KS, Ålesund kommune
X	Svein-Rune Johannessen, KS, Ålesund kommune		Sidsel Rykhus, KS, Molde kommune
X	Ragnhild Velsvik Berge, KS, Hareid kommune		Wenche Solheim, KS, Ørsta kommune
X	Paula Næss Skår, leiar Brukarutvalet HMR		Ann Helene Skare, nestleiar Brukarutvalet HMR
X	Grete Teigland, Direktør Helse- og sosialavdelinga, Fylkesmannen MR		Kjersti Bakken, Ass. Direktør Helse- og sosialavdelinga, Fylkesmannen MR
X	Stian Endresen, leiar praksiskons.		Fagdirektør Torstein Hole Britt Valderhaug Tyrholm
X	Bjarne Storset, repr. frå styret HMR		Toril Forbord, Styremedlem HMR
X	Lena Bjørge Waage, samhandlingssjef HMR		Mariann H. Gammelsæther, med.fagsjef
-	Mariann G. Svendsen, LO	-	Hild Våge, LO
x	Ståle Evald Ræstad, NSF		Gjermund Øysteinson Moe

**Observatørar:** Jan Morten Dale (LSU Molde), Carina W. Myhre (LSU Kr.sund), Nils Arne Skagøy (LSU Volda)

**Andre:** Britt V. Tyrholm, Lillian Karlsen, Mari Mørkeset Sandbakk, Toril Kvisvik, Berit K. Teige, Yngve M. Seljeseth, Henrik Erdal, Kirsti M. Hamar, Janita Skogeng, Synnøve Melseth, Odd Arne Skogen, Merete Brungot Kløvning var inne på saker.

**Sekretariat:** Helse Møre og Romsdal HF v/ Marianne Gravem

**Fråvær:** Mariann Svendsen samt vara.

Møtet i Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal vart halde på Skype pga møterestriksjonar knytt til covid-19.

Møtet starta kl. 10:00  
Samhandlingssjef HMR Lena Bjørge Waage ønska alle velkomne.

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

**Sak 01/2020 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det blei lagt til to ekstra orienteringssaker frå samhandlingssjef Lena Bjørge Waage – følgjeteneste gravide og rehabiliteringsprosjektet.

**Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

**Sak 02/2020 Orienteringssaker**

I møtet vart Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal gjeve følgjande orienteringar:

- Samhandling under covid-19 v/Lena Bjørge Waage samhandlingssjef HMR
- Prioritering av helsehjelp v/Yngve Müller Seljeseth, seksjonsoverlege geriatri stedlig klinikk Ålesund sjukehus HMR
- Samhandlingsforskning knytt til covid-19 v/Lena Bjørge Waage samhandlingssjef HMR
- Videokonsultasjoner v/Christer Jensen, innovasjonsrådgiver fagavdelinga HMR
- Helseplattformen v/Henrik Erdal, ass. fagdirektør HMR og prosjektledere HP kommuner i Møre og Romsdal
- Reforhandlingsarbeidet for samarbeidsavtalen, herunder også oppfølging ekstraordinær rutine knytt til covid-19 v/Lena Bjørge Waage samhandlingssjef HMR
- Rehabiliteringsprosjektet v/ Synnøve Melseth, rådgivar fagavdelinga HMR
- Følgjeteneste for gravide v/konst. klinikkssjef Kvinner, barn og unge Janita Skogeng

**Vedtak:**

1. Overordna samhandlingsutval tek orienteringssakane til vitende.
2. Overordna samhandlingsutval ser med uro på om nokre av kommunane sin økonomiske situasjon kan føre til ei utsetting av vedtak på opsjonsutløyning av Helseplattformen.
3. Overordna samhandlingsutval tilrår at fylkeskontoret for Helseplattformen i Møre og Romsdal formidlar vidare til relevante fora om behov for tiltak som gjer det økonomisk mogleg for kommunane å utløse opsjonane til Helseplattformen.

**Sak 03/2020 Referatsaker – utan saksframlegg**

1. Referat fra lokalt samhandlingsutval Molde 31.01.2020
2. Brev frå lokalt samhandlingsutval Molde til Helseplattformen
3. Referat frå lokalt samhandlingsutval Volda – møte 2/2020
4. Referat møte i regionalt samhandlingsutvalg 22.01.2020

**Sak 04/2020                   Type 2 diabetes prosjekt – Min T2D**

Overordna samhandlingsutval fekk ei orientering om prosjektet Min T2D av Mari Mørkeset Sandbakk, Lillian Karlsen og Toril Kvisvik.

Innspel frå leiar i utvalet om tilføyning i forslaga til vedtak, at ein tek inn kommunane i punkt 1 og 3.

1. *Overordna samhandlingsutval ønskjer at Helse Møre og Romsdal HF og kommunane skal etterkomme behovet uttrykt i Nasjonal diabetesplan, der det etterlysast nye løysingar for oppfølging, behandling og forebygging av pasientar med diabetes type 2.*
2. *Overordna samhandlingsutval tilrår at leiing og tilsette i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane skal gjerast kjent med og bidra med ressursar i prosjektet Min T2D ved behov.*

Utvalet er samd i dette og

**følgjande vedtak blei fatta:**

1. Overordna samhandlingsutval ønskjer at Helse Møre og Romsdal HF og kommunane skal etterkomme behovet uttrykt i Nasjonal diabetesplan, der det etterlysast nye løysingar for oppfølging, behandling og forebygging av pasientar med diabetes type 2.
2. Overordna samhandlingsutval ønskjer å imøtekomme eit internasjonalt behov for forskning på personsentrert behandling.
3. Overordna samhandlingsutval tilrår at leiing og tilsette i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane skal gjerast kjent med og bidra med ressursar i prosjektet Min T2D ved behov.

**Sak 05/2020                   Oppfølging sak 19/2019 – «Ivaretaking av mindreårige etterlatne – eit samarbeid mellom HMR HF og kommunane»**

Overordna samhandlingsutval fekk ein presentasjon ved Odd Arne Skogen der det blei lagt fram arbeidet som er gjort til nå.

Innspel frå leiar på justering av vedtak Overordna samhandlingsutval tilrår at det etablerast eit prosjekt der ein ser nærare på ein modell korleis ein organiserer dette arbeidet knytt dei ulike aktørane som er ein del av dette arbeidet og ein får tydeleggjort eit felles ansvar for denne gruppa.

Innspel frå leiar av lokalt samhandlingsutval i Molde, Jan Morten Dale, om at Overordna samhandlingsutval fattar vedtak som tek denne saka vidare til dei lokale samhandlingsutvala og ber dei ta ei aktiv rolle i dette arbeidet.

Forslag til endring av punkt 2:

*Overordna samhandlingsutval støttar opp om dette arbeidet og tilrår at det blir etablert eit partsamansett prosjekt som ser nærare på korleis ein organiserer dette arbeidet, med mål om at ein får eit felles ansvar for denne gruppa i både helseforetaket og i kommunane.*

Og eit nytt punkt 3:

*Overordna samhandlingsutval ber arbeidsgruppa ta kontakt med dei lokale samhandlingsutvala med oppfordring om å ta ei aktiv rolle i dette arbeidet.*

**Følgjande vedtak blei fatta:**

1. Overordna samhandlingsutval tek orienteringa til vitende.

2. Overordna samhandlingsutval støttar opp om dette arbeidet og tilrår at det blir etablert eit partsamansett prosjekt som ser nærare på korleis ein organiserer dette arbeidet, med mål om at ein får eit felles ansvar for denne gruppa i både helseføretaket og i kommunane.
3. Overordna samhandlingsutval ber arbeidsgruppa ta kontakt med dei lokale samhandlingsutvala med oppfordring om å ta ei aktiv rolle i dette arbeidet.

**Sak 06/2020      Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient.**  
-    **Handlingsplan for 2020.**

**Vedtak:**

1. Overordna samhandlingsutval sluttar opp om handlingsplanen for satsinga «Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient» for 2020.
2. Overordna samhandlingsutval ynskjer at satsinga skal verte synleg som ei eiga faggruppe innafør helsefellesskapa når desse er klargjort.
3. Overordna samhandlingsutval ber om å få seg forelagt ein langsiktig plan for korleis satsinga kan verte integrert i den ordinære drift, både innafør kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

**Sak 07/2020      Årleg melding 2019**

**Vedtak:**

1. Forslag til vedtak: Overordna samhandlingsutval ser positivt på at det er god fagleg framdrift innafør dei prioriterte områda i samhandlingsstrategien.
2. Overordna samhandlingsutval legg merke til at samhandlingsstrategien sine prioriterte områder er samsvarande med nasjonale faglege føringar om kva pasientgrupper som skal ha særskilt merksemd i framtida.
3. Overordna samhandlingsutval sluttar seg til innhaldet i årleg melding for samhandling i Møre og Romsdal i 2019.

**Sak 08/2020      Rapport samhandlingsavvik 2019**

**Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval tek årsrapport samhandlingsavvik 2019 til vitende.

**Sak 09/2020      Godkjenning av protokoll 01/2020 – 20.05.2020**

**Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval godkjenner protokollen frå møtet 20.05.2020.

Møtet slutt kl. 14:25

Skype, 20.05.2020

Lena Bjørge Waage

Odd Helge Gangstad

Bjarne Storset

Ragnhild Velsvik Berge

Stian Endresen

Paula Næss Skår

Grete Teigland

Ståle Evald Ræstad

Svein-Rune Johannessen

Overordna samhandlingsutval  
Møre og Romsdal